

Invitasjon til startdagen for nye ph.d.-kandidatar

Scandic Neptun, 4. oktober 2012, kl 10-16.00

Startdagen er ein dag for nye ph.d.-kandidatar ved Det humanistiske fakultet. Det er ein sosialisering- og informeringsdag og byr på presentasjonar, føredrag og debattar til nytte for nye ph.d.-kandidatar.

Påmeldingsfrist: 17. september

PROGRAM:

10.00-10.15 Velkomen skal de vere

Fakultetet, ved fakultetsdirektør Trine Moe og prodekan Lillian J. Helle, ynskjer ph.d.-kandidatane velkomne.

10.15-12.00 Forskingsutdanningsløpet

Forskingskonsulentane ved fakultetet presenterer seg sjølve og forskarutdanningsløpet, med fokus på startperioden og opplæringsdelen. Førsteamanuensis Rasmus Slaattelid presenterer den obligatoriske vitskapsteoretiske delen, VITHF900, av opplæringsdelen.

Det er sett av tid mot slutten til generelle spørsmål.

12.00-13.00 Lunsj

13.00-13.15 STIP-HF presenterer seg og sitt

[STIP-HF](#) er ph.d.-kandidatutvalet ved Det humanistiske fakultet og arbeider for alle som er tekne opp ved forskarutdanninga ved fakultetet. Utvalet er fagpolitisk og fagleg-sosialt.

13.15-15.30 Paneldebatt

Presentasjonar og diskusjon kring temaet rettleiing og progresjon. I panelet er rettleiarane Lars Sætre og Roger Strand i tillegg til to stipendiatar.

Moderator: STIP-HF

15.30-16.00 Oppsummering og spørsmål

18.00-seint Friviljug middag

NB! Det kan vere det blir endringar i programmet.